



# Årsmelding 2010

## Bø Turlag

### Styret 2010

Arne Hjeltnes (leiar)  
Turid L. Gåra  
Ragnhild Stafseng Li (kasserar)  
Tor Sisjord  
Live Semb Vestgarden (skrivar)

### Varamedlemmer:

Bergit Grivi  
Aase Aaland  
Tone Eika  
Inge Bø

### Revisor:

Jan Lepperød

### Nemnder, representantar i andre lag, valkomité 2010

#### Turstinemnd:

Inge Bø, leiar og turområdeansvarleg

#### Turknappnemnd:

Tor Sisjord  
Arne Baugerud  
Arne Myhre

#### Turlagets representantar i Løypelaget:

Olav Berge  
Per Holtung

#### Valkomit :

Leif Krosshaug  
Ralph St lberg  
Sveinung Astad

###  rsm tet i 2010

 rsm tet i 2010 blei halde p  Pizzafjoset tysdag 16. mars. Karin Brekke Li gjekk ut av styret, og nytt styremedlem blei Tor Sisjord. Styret har hatt 5 m te dette  ret. Laget har n  vel 230 medlemer.

### Turprogram 2010

Dette  ret har det vore skitur over Lifjell, 9 kveldsturar, 5 s ndagsturar (2 saman med Gvarv Turlag), ein tur p  dagtid saman med Midt-Telemark seniorl ring og B marsjen (familiearrangement).

### **Lifjell på langs søndag 21. mars**

*16 deltakarar. Turleiaer: Ralph Stålberg (for Tor Lønnestad).*

Tåke og regn, sol og vind! Føret var varierende og litt vanskeleg, men hovudinstrykket av turen blei bra etter ein god og hyggjeleg pause på Hollane.

### **Kvitveistur til Jomfruland søndag 25. april (samarbeid med Gvarv Turlag)**

*15 deltakarar (+ 35 frå Gvarv). Turleiar: Synne Blomquist.*

Etter ferjeturen frå Kragerø til Tårnbrygga, var det tur til fugletårnet på Øitangen. Deretter brukte folk dagen som dei sjølv ville. Været blei slett ikkje så verst, og kvitveisen blomstra vakkert. Sjølv om deltakarane ikkje var heime før 21:30 på kvelden, blei ikkje turdagen for lang.

### **Kanotur på Bøelva tysdag 11. mai (kveldstur)**

*13 deltakarar. Turleiaer: Arne Hjeltnes.*

Deltakarane padla frå Sanda camping ned til Hengebrua. Pølsegrilling og beversafari sto på programmet. Grunneigar Anders Olav Kleiva hadde rydda ein flott bål plass i furuskogen ved elva og brannsjefen i Midt-Telemark hadde gjeve klår signal for bål brenning.

### **Kveldstur til Bratterud Husmannsplass tysdag 18. mai**

*50 deltakarar. Turleiar: Leif Krosshaug.*

Dette var ein fin tur med god deltaking i godt sommarver. Gåturen starta frå Nordigard Åse. Ved Bratterud orienterte Olav Solberg om Liv Bratterud og møtet med folkeminnegranskaren Moltke Moe. Eigarane av Nordigard Åse var også med på turen og orienterte om staden. Deltakarane blei mellom anna vist tuftene av plassen Villand.

### **Fugletur til Evjutjønna onsdag 19. mai (samarbeid med Naturvernforbundet i Midt-Telemark og Telemark Ornitologiske Forening) (kveldstur)**

*Ca 30 deltakarar.*

Deltakarane blei guida rundt Evjutjønna på Hørte av erfarne ornitologar i nydelege omgjevnadar og strålende vær. Dei merka ulike fuglar på turen.

### **Kveldstur til Østerli/Nistugu tysdag 25. mai (samarbeid med Bø Museum)**

*25 deltakarar. Turleiarar: Asbjørn Storesund og Finn Rønning.*

Etter biltransport frå Oterholt til Raukleiv gjekk deltakarane til fots opp gamlevegen til Østerli. Finn og Asbjørn orienterte undervegs om gardhistorie og om spelemenn og anna folk i området. Det var mange gode tilbakemeldingar frå turen.

### **Kveldstur til Tromfoss tysdag 1. juni**

*24 deltakarar. Turleiaer: Erik Forberg.*

Ein fin tur sjøl om fossen var liten med lite tromming...

### **Kveldstur til Åse-Hurrongstjønn tysdag 8. juni**

*12 deltakarar. Turleiar: Frode Bergan.*

Turen gjekk i lett regnver frå Åse, opp Hurrongsvegen forbi Heistad, postmyrkrysset, Sveigen og inn til Hurrongshytta. Vidare gjekk turen opp på Fiskestigen og frampå berga, med matpause og fin utsikt mot Eikja, Bø og Jønneberg. Så bar det ned til og Hurrongstjønn og tilbake forbi Hurrongshytta og Sveigen, før dei fleste deltakarane gjekk oppom Sveigefjell der drapet på Kittil Gunnarsson Uvdal i 1750 blei nemnt.

### **Kveldstur til Ramsås i Uvdal tysdag 15. juni**

*17 deltakarar. Turleiarar: Aase Aaland og Gunnhild Årnot.*

Dette var en fin rundtur der deltakarane var innom tre gamle husmannplassar: Langløyning Ramsås og Stulen.

### **Tur til Slåka/Londalen i Seljord søndag 27. juni (i samarbeid med Gvarv Turlag)**

*9 deltakarar (2 frå Bø). Turleiar frå Gvarv Turlag.*

Veret var strålande og naturen skjønn! Litt vått og tungt i myrlendt terreng fyrste halvtimen. Etter påfyll av energi på toppen av bakkane, bar det innover Londalen og inn til Londalsvatnet. Heimturen gjekk om Nord-Slåkastulen. Ein fin tur i eit nytt område!

### **Kveldstur til husmannsplassar og gravhaugar i nedre Breisås tysdag 17. august**

*18 deltakarar. Turleiar: Inge Bø.*

Turen starta frå Kåsinjordet opp deler av den eldste stien i Breisås til Torstveitskotet. Videre bar det sørover til Staurheimskogen og husmannsplassane på Steinsrud. Tilbaketuren gjekk over Venås til gravhaugane, holvegane, kolmine og kolgroper på Håsårudhåtten. Ingen sure miner tross litt regn.

### **Tur til Økteren søndag 22 august.**

*8 deltakarar. Turleiar: Sveinung Astad.*

Turen gjekk opp vegen frå Grønbygel via Hollanefossen til Økteren, derifrå til Økterengvolven og Grønbygel. Det blei en fin og interessant rundtur i godt ver.

### **Kveldstur til husmannsplassar ved Tråvbanen tysdag 24. august**

*7 deltakarar. Turleiar: Mari Stenstad.*

Turen gjekk frå Bø Kyrkje, opp Kringlevegen til Husmannsplassen Brekka. Vidare gjekk turen til husmannsplassen Mogene vest for Tråvbanen. Så bar det gjennom fin tyttebærskog ned til Lysløypa og husmannsplassane Tjønna og Lensegrav. Ved Andersbu blei det kaffepause og matbit. Tilbaketuren gjekk forbi Moland ned til Nistås. Deltakarane var svært nøgd. Styret beklagar at turen ikkje blei annonsert i Bø Blad.

### **Sopptur på i Breisås tysdag 31. august**

*19 deltakarar. Turleiar: Bjørn Steen.*

På grunn av alt augustregnet var det masse sopp i skogen. Dei fleste deltakarane kom tilbake med breddfulle soppkurvar av gode matsoppar, som rimsopp, steinsopp og traktkantarell.

### **Tur til Blåfjell i Årmoddalen søndag 5. september**

*17 deltakarar. Turleiar: Leif Krosshaug.*

Fin tur, fint vær, blå himmel, sol og vindstille. Deltakarane besøkte alle Blåfjelltoppane og Murukleivhola. Fyste matpause var på tunet på Løkjine der vi blei møtt av leietakar som innvitera inn. Neste matpause var på den søndre Blåfjelltoppen. Undervegs blei det orienteringar om Døvredokken og kulturminner.

### **Bømarsjen søndag 19. september**

*177 deltakarar!! Turleiarar: Tor Sisjord/Halvor R. Gåra*

Løypelengder: 11.5 km og 3.5 km. Start og mål var ved Telemarkshallen. Arrangementet var eit samarbeidsprosjekt mellom Bø Turlag, Folkestad Vel og Bø O-lag. Det var barnevenlege aktivitetar på matstasjonen ved Store Trytetjønna, så som lett O-løype for nybyrjarar ved Bjørn Steen og storsprettert mot flytende mål på tjønna ved Arne Hjeltnes. Servering av kaffe, saft

og kaker av Karin Li (Bø Turlag) og Tone Gro Bøen Kaasa (Folkestad Vel) slo an, bål og høve til grilling. Veret var fint med sol fram til ettermiddagen. Litt lett regn kom mot slutten av arrangementet. Alt i alt eit veldig vellukka arrangement og det nest beste frammøte av deltakarar etter Øvre Bø i 1986 (188). Premiar: 10-årspremie gjekk til Ralph Stålberg, Bjørn Furnes og Herdis T. Verpe. Eli Myhre fekk 30-års premie.

### **Avlyste turar**

Den planlagte turen til Solbjørgvatnet 29. august blei avlyst pga flaum, og familiearrangementet på Uvdalstjønna 5. desember blei avlyst pga for mykje snø på isen.

### **Trilleturar**

Ein aktiv gjeng med mødrer har hatt fine trilleturar på tysdagar også dette året.

## **Turstiar - hovudarbeid i 2010**

### **Turområda**

#### **Breisås**

Stien over Venås er blåmerka fram til den gamle husmannsplassen Steinsrud. Ny sti frå Bordvegen gjennom Håsårudhåttan til vegen mellom Borgja og Staurheim er rydda og blåmerka. Bru er lagt over bekken i Bordvegen. Nokre nye skilt er sett opp i Staurheimskogen og mot Lia/Torstveit-sida. Ny plakat og kart i plastikk laminat er sett opp på informasjonstavla ved bommen.

#### *Håsårud kulturminneområde:*

Turlaget og grunneigar har saman med arkeologar frå Telemark Fylkeskommune hatt befarings i området, og i fleire dagar har arkeologar stadfesta gravminna med GPS saman med Turlaget. Området er grovrydda, og forslag til sti rundt gravfeltet er utarbeidd. Dei nye stiane i Håsårudhåttan er GPS registrerte og skal inn på turkartet.

#### **Bryggefjell**

Nye taug er sett opp på stien opp mot Ding-Dong-kyrkja. Ruta Breskelia-Ånto-Bryggefjell-Innleggen er opprusta. Ti infoplakatar er sett opp langs stien. Nye infotavler med plakatar og kart er og sett opp ved tømmervelta frå Breskelia og ved Innleggen etter at dei gamle vart øydelagde av tømmerkøyning.

#### **Bøelva**

##### *Folkestadbrua til Gårabru (Folkestien)*

Litt rydding, plukking av søppel og slått. Det blei rydda på begge sider av elva under ein dugnad i slutten av oktober. Alle infoskilt er ettersett.

##### *Oterholt til Folkestadbrua (Kulturstien)*

Stiane blei nymerka og kontinuerleg rydda for nedfall, kratt og søppel gjennom sommaren. Det blei slått, og grøfter blei renska. Eit særleg vått parti blei utbeta og tørrlagt.

### **Folkestadåsane**

Det er bygd klopp over 6 "blauthol". Ny sti til Høgefosskåsa har blitt svært godt mottatt av turgåarane. Åtte nye infoskilt er sett opp i området, og kart og plakatar er skifta ut på dei to tavlene ved P-plassane.

### **Gyrestolen**

Nye plakatar og kart i plastlaminat er sett opp på infotavla.

### **Høyslass-Bruskor**

Det er etablert 2 korte forbindelses-stiar for å kunne gå frå Nordbøåsen forbi Trælsborg og opp til Bruskor. Kartet er oppdatert.

### **Røksbu- Jårånnatten**

Nytt kart og infoplakat i plastlaminat er sett opp på infotavla ved Røytejuvet.

### **Bukkelifjell -Trogafjell – Blåfjell (i Årmoddalen)**

Nyrydda og nymerka rundt Trogafjell! Litt rydding på stien frå Årnotgvollen til Løkjinn. Ein del stiarbeid på strekninga Løkjinn - Trogatjønn. Det er sett opp 2 nye skilt. *Bømarsjen 2011 skal gå i dette turområdet.*

### **Gamlestulfjell og Røytebufjell (frå Røysland i Stokklandsheia)**

Omlegging og full nymerking av stien frå Trolltjern til Rypeskaret. Rydda og merka ny sti frå "Slirebyte" til Årnåkkollen. Sett opp ny infotavle ved Røysland.

### **Andre turstiar**

#### **"Grøne gangar" (frå Hørte langs Hørteelva til Åsebrua)**

Stien er rydda, og merkepålar er retta opp.

#### **Ølsbru – Vermelia – Lauvtjønn**

Kvaliteten på stien Ølsbru - Lauvtjønn er bra. Det går få turgåarar her.

#### **Innleggen – Telfangåa – Høgsås – Stavsholt**

Stien blir ikkje lenger vedlikehalde og merka.

#### **Økterstien**

Bø Turlag har i avtale med Notodden Turlag ansvar for stien frå Høllenfossen-Økteren – Øktergvollen-Grønbygill, med avstikkar opp til Øysteinnatten. Nye skilt er sett opp m.a. i stikrysset opp til Øysteinnatten og ved elva ved Årnotdalsvegen.

### **Samarbeid med andre turlag om stinettet**

#### **Notodden Turlag**

Samarbeid i øvre del av Årmoddalen.

#### **Gvarv Turlag**

Samarbeid i øvre Breisås og Maskatområdet.

*Styret vil rette ein stor takk og honnør til alle som har vore turområdeansvarlege!*

## **Turknappen 2010**

Det var 32 stk som deltok. Dette er ei solid auke frå tidlegare år!

- 1. gang (27 stk)
- 3. gang (1)
- 4. gang (1)
- 16. gang (1)
- 18. gang (1)
- 28. gang (1)

## **Turlagets heimeside**

På turlaget sine heimesider [www.boturlag.net](http://www.boturlag.net) finn ein kart og omtale av turområda samt informasjon om og annonsering av turane. Vi ser at heimesida blir flittig brukt.

## **Lagets økonomi**

Det økonomiske resultatet for året 2010 viser eit overskot på 9552,44 kr. Lagets økonomi er å sjå på som god.

## **Konklusjon**

2010 har vore eit aktivt og godt år for Bø Turlag.

Bø, 28.feb.2011

Styret i Bø Turlag